

Årsmelding for Austevoll Idrettsklubb 2025

Hovudstyret i Austevoll Idrettsklubb er sett saman av valde representantar frå gruppene våre + leiar.

Hovudstyret 2025:

Leiar Andreas Risøy

Nestleiar Torbjørn Karlsen

Styremedlem Bjørn Ove Dávøy

Styremedlem Silje English

Styremedlem Trond Heggstad

Styremedlem Julie Albrektsen

Styremedlem Per Erik Hansen

Varamedlemmer Chanielle Ramsvik Leine, Annelin Gokstad og Ole Inge Møgster

Valkomiteen: Morten Mortvedt, Rebekka Østervold, Brede Storebø. Kjetil Kolbeinsvik er vararepresentant.

Kontrollkomiteen: Svein Arne Kalvenes og Irene Kaland. Gunnar Heimark er vararepresentant.

Revisjon: Advisor Revisjon AS - Ann-Mari M. Juvik.

Tilsette i Austevoll Idrettsklubb.

Dagleg leiar Lena Bjørøy har vore i 100 % stilling og har delteke på hovudlagsmøta. Ho har hovudansvar for drift av klubben og drift av Austevollhallen for Austevoll kommune. I tillegg driftar ho lågterskeltilbod og allidrett.

Annette Horne Tøkje har 25 % stilling i administrasjonen, med ansvar for symjing.

Anders Tøsse har 15 % administrativ stilling i fotball. Linn-Beathe Suphammer har hatt 7,5 % stilling som innkjøpsansvarlig, Value har hatt 15 % som økonomiansvarlig. Trond Fredrik Ludvigsen har 30 % stilling som sportsleg leiar og trenar for A-laget. Kjetil Stensland er tilsett i 5 % stilling på A-laget. Stig Storebø er tilsett i 5 % stilling som hjelpetrenar A-laget.

I tillegg har fotball, symjing, allidrett, badminton og klatring, nokre ungdommar som trenarar på lønningslistene sine.

Medlemmar:

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2025 712 medlemmer, dette er ein oppgang på 28 medlemmer.

Mange av våre medlemmer er med i fleire grupper i klubben, noko som er viktig for allsidigheit.

Av medlemsmassen vår er det ca. 55 % menn og 45 % kvinner.

Fotballgruppa vår er den største gruppa med 470 medlemmer i 2025.

	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Kvinner	24	125	98	14	44	315
Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Menn	32	146	104	23	92	397

Styret og klubben sitt arbeid:

Hovudstyret har i år hatt 6 styremøter, og 1 ekstraordinært møte. Det vart handsama 35 saker.

Klubben har i år hatt desse gruppene:

Badminton, Fotball, Klatring, Volleyball, Skøyter, Symjing, Friidrett, Turn og Allidrett/ barnetrim.

Fellesprosjekt i Austevoll Idrettsklubb:

I 2025 har vi hatt 4 open hall. I tillegg har vi hatt 2 open hall/bowling i samarbeid med Austevoll arbeidssamvirke, og psykiatrien/rusomsorgen i kommunen.

Økonomi (med atterhald)

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2025:

Driftsinntekter:	kr 7 464 240
Driftskostnader:	kr 7 492 972
Driftsresultat:	kr -28 732
Årsresultat:	kr 173 105

Medlemskontingenten utgjorde kr. 896 121

Anlegg:

Vi fekk opp granulatstasjon og barriere på bane 2, som skal forhindre granulat ut i naturen. Dette fekk vi støtte til frå Sparebanken Norge.

Fjellsikring blei omsider gjennomført.

Vi har fått på plass kameraovervåking på idrettsanlegget. Dette er forhåpentligvis oppe og går om ikkje så altfor lenge.

Omsider fekk vi vedlikehaldsmaskiner på plass, sånn at vi kan ta vare på anlegget vi har. Dette var veldig etterlengta.

Arrangement 2025:

- Austevollserien i februar
- Treningshelg badminton
- Starterkurs
- AustevollSmashen
- Austevollsleikane
- Skulemeisterskap i friidrett ungdomsskulen
- Skulemeisterskap i friidrett barneskulane
- Tine Fotballskule
- Austevollsmeisterskapet
- Trenarkurs
- Dommarkurs
- Open hall, kvar månad i haust
- Jubileumsdans i Austevollhallen 2 juledag
- Julecup 29 og 30 desember
- Anne Berith har hatt bowling og open hall for miljøarbeidertjenesten fem ganger

Støttespelarar

Mange verksemder i Austevoll og utanfor er med å støtta vårt arbeid i klubben. Ein del støtter ei gruppe, medan andre støtter alle gruppene våre. Vi er takknemleg for alle som hjelper som sponsorar på drakter og klede, som støttar med skiltreklame, som gjev gåver til klubben, og dei som sponsar produkt til våre arrangement.

Dei som tippar hjå Norsk Tipping kan velja å gi 7 % av omsetninga til ein organisasjon. Austevoll Idrettsklubb fekk inn 213 572 kr på dette i 2025. Desse pengane går til å vidareutvikla anlegga våre. Vi vil gjerne kunne halda fram med å bruka desse midlane til fellesskapet.

Sparebanken Vest har gjeve rause utbetalingar til klubben i 2025.

Lerøy har, som vanleg, levert fantastisk mat til ein del av arrangementa våre.

Gruppene

Allidrett 1.- 4. klasse: dette er eit lågterskeltilbod , der ein får prøva seg på mange forskjellige idrettsaktivitetar. I haust hadde vi ca 15 barn som deltok. Trenarane i haust har vore Janne Jakobsen, Hannah Heidal, Karina Øvsthus og Mari Nesheim Øvsthus.

Barnetrim 0-5 år: Barnetrimmen er i hovudsak frileik der føresette er med. Dei har trening i Austevollhallen kvar tysdag. Dei som har hatt barnetrimmen i år er Therese Henriksen, Andreas Kolbeinsvik og Robert Birkeland.

Friidrettsgruppa: interessa for friidrett har tatt seg opp i klubben vår, mykje takka vere Svein Harald Haukanes som brenn for denne idretten. Gruppa har fått mange nye medlemmar, og vi har fått med nye, engasjerte foreldre. Dette er viktig for gruppa fram øve. Gruppa har delteke på fleire stemner i året som gjekk. Dette resulterte i mange fine resultat og personlege rekordar. Leiar i gruppa har i år vore Bjørn Ove Dåvøy.

Volleyball: Marie Dåvøy og Andreas Karlsen driv framleis volleyball om tirsdagane.

Symjing – Gruppa har hatt trenarkurs i Austevollbadet.. Maja Olsson Bjånes er leiar i symjegruppa og Annette H Tøkje jobbar som administrativ leiar. I styret sit Cathrine Nøttveit, Bjørn Grindheim og Silje English som styremedlem. Silje sit også i hovudstyret i Austevoll idrettsklubb.

Klatring – klatregruppa vår har fått mange nye medlemmar og det er stor aktivitet i gruppa. Trenarar i år har vore Stein-Andre Solbakken, Åsmund Kalvenes, Bjørn Dalen og Per Erik Hansen.

Badminton - Barne- og ungdomsgruppa har fått inn Viktorija Reke som trenar, med god hjelp fra foreldregruppa. Hjelpetrenere har vært Emma Sjursen Østervold og Ananda Cornelia Wessel. Dei trenar kvar måndag og torsdag. I tillegg har vi ein fin gjeng engasjerte vaksne som trenar onsdag og søndag.

Skøyter – trenar for skøytegruppa er Thomas Stokken og Harald Otterå. Dei trenar på Slåtthaug kvar tysdag.

Fotballgruppa - Vi har ca 470 aktive fotballspelarar i AIK, desse er fordelt på 14 lag i alderen 6-12 år, 7 lag i ungdomsfotball og 2 seniorlag. Desse laga genererer ca 80 trenarar og lagleiarar.

- **Tusen takk til alle sponsorane våre!**
- **Tusen takk til alle trenarar og lagleiarar som står på heile året for at borna og ungdommane våre skal ha eit tilbod!**
- **Tusen takk til dei flotte medlemmane våre!**
- **Tusen takk til alle samarbeidspartane våre!**

Storebø 12 mars 2026

Andreas Risøy

Leiar

Lena Bjørøy

Dagleg leiar